

Lillian (21) vart Årets lærling: - Eg er skikkeleg stolt

Sogn Avis Pluss

10 des. 16:50

342ord

lærling

Forfatter: Kai Martin Brekke

- Eg er overvelda, denne tittelen heng høgt. Det seier Lillian Nummedal Bryn frå Vik som onsdag fekk beviset på at ho er kåra til Årets lærling i Vest.

Møtt med applaus

I ei pressemelding frå Entreprenørforeningen Bygg-Anlegg, Vestenfjeldske avd. går det fram at Lillian, som jobbar på HS Bygg i Stryn, delte sigeren i tømrrarklassen med Filip Turkerud frå Engelsen Bygg i Sveio.

Vikjajenta set stor pris på sigeren.

- Under ein teknisk jentedag i Florø, der eg stod på stand for Byggopp tidlegare i haust, fekk eg beskjed om at dei ønskte meg som kandidat og at det skulle avgjerast i november. Etterpå har eg ikkje høyrte noko, så då eg onsdag vart kalla inn til eit møte i Stryn hadde eg ingen aning om at det var Årets lærling som skulle feirast. Då eg kom inn døra vart eg møtt med applaus og kakebord, seier vinnaren.

Blei rørt

I grunngevinga frå bedrifta vert det trekt fram at ho som lærling har vist stor interesse og engasjement for tømrrarfaget og at ho har vist at ho er motivert for og taklar varierte arbeidsoppgåver på ein god måte. Då ho fekk diplom og premie trekte Knut Løvdal Stauri, dagleg leiar i HS Bygg, også fram at Årets lærling med sitt gode humør og vinnande vesen har vorte ein kulturbyggjar i verksemda. Og at ho er ein framifrå ambassadør for bygg og anlegg, ikkje minst i høve til jenter som tenkjer på ei slik karriere.

- Eg vart heilt rørt, seier Lillian.

Motivasjon

Ho legg ikkje skjul på at det å bli kåra til Årets lærling betyr mykje.

- Eg er veldig stolt. Dette er ein skikkeleg inspirasjon og motivasjon til å halda fram med godt arbeid, og bidra med gode haldningar, seier Lillian Nummedal Bryn, og takkar HS Bygg for at dei gjer sitt yttarste for at ho skal nå måla sine.

Image info:

GRUNN TIL Å SMILA: Lillian Nummedal Bryn har all grunn til å smila breitt. Onsdag fekk ho beviset på at ho er kåra til Årets lærling i Vest innan tømrrarfaget.

VK NÆRINGS- HJELP OG UTDANNING

Lillian (21) vart Årets lærling: - Eg er skikkeleg stolt



GRUNN TIL ÅRSÅRS: Lillian Nummedal Bryn har all grunn til å smikle litt. Onsdag fikk ho bevert på at ho er kåra til Årets lærling i Vest-Agder løyndag.

Av Tor Martin Østnes 15. desember 2020 kl. 16:52

- Eg er overvelda, denne tittelen heng hagt.

DEL Det seier Lillian Nummedal Bryn til VK som onsdag fikk bevert på at ho er kåra til Årets lærling i Vest.

Møtt med applaus

I et pressemøte frå Entreprenørforbundet Bygg- og Anlegg, Vest-Agder fylke, går det fram at Lillian, som jobbar på H&B Bygg i Bryn, òg er kåra til Årets lærling i Vest-Agder fylke.

Personvern og cookies

Vi bruker cookies på denne nettsida for å forbedre brukeropplevelsen og for å analysere bruken av nettsida. Du kan kontrollere innstillingene dine i personverninnstillingene. [Lær mer om dette](#)